

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2010 42. årg.



Foto: Olav Garborg - Montasje: Netprint



Misjonsforeningen - Morondava 50år
side 4



Salmekveld med Eyvind Skeie
side 6



NMS gjenbruk
side 16

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks 51 77 03 60

Kyrkjekontoret, Parkvegen 2

Prost Kjell Børge Tjemsland tlf. 41 63 80 48

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 91 15 71 05

Prostiprest Gunnar Frøyland tlf. 95 87 38 47

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69

Diakon:

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Time sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Undheim sokneråd:

Herdis Lindal tlf. 48 02 73 04

Sekretær- Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjevevjerje: Olav Vegard Søyland tlf. 90 19 38 25

Konsulent Tor Aase tlf. 51 48 34 82

Time kyrkje og kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne kyrkje tlf. 51 48 28 08

Prosjektleiar trusopplæring:

Jorunn M. Ueland tlf. 51 48 85 10

Time

Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 32 84

Kyrkjetenar: Marit Undheim tlf. 51 48 25 31

Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09

Klokkar: Sofie Braut tlf. 51 48 43 09

Klokkar: Sofie Braut tlf. 98 65 51 28

Bryne

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 51 48 28 08

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 41 27 28 62

Organist, Per Olav Egeland tlf. 99 61 91 21

Klokkar Leif Andenes tlf. 51 48 66 68

Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 93 83 16 23

Barne- og ungdomsarbeidar: Jorunn Pettesen tlf. 93 83 16 23

Jorunn Pettesen tlf. 51 77 03 68

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 95 17 89 71

Leiar forsamlingsstyret:

Liv Heidrun Skaar Heskestad tlf. 51 48 86 70

Undheim

Prest: Per Børge Hillestad tlf. 51 48 68 20

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 93 44 29 19

Soknerådsleiar: Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 45 55

Ungdomsarbeidar: Anders Undheim tlf. 51 48 43 07

Ungdomsarbeidar: Anders Undheim tlf. 90 18 59 69

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

e-post:

helgedagen@time-kyrkja.no

Til ettertanke



Kyrkjevevjerje: Olav Vegard Søyland

Nyttårstankar frå kyrkjevevjerjen.

Så er 2009 bak oss, og med det eit stort og eit lite kyrkjejubiléum. I Time-kyrkja var det meste av året prega av at det er 150 år sidan Time-buen for fyrste gong kunne samlast i ny kyrkje, etter at brann tok den førre bare få år etter at ho var bygd. Jubiléet vart markert ved fleire arrangement gjennom året både utandørs og innandørs, før det heile toppa seg ved sjølve jubiléumsgudstenesta 15. november.

Ein del er gjort i samband med jubiléet. Mest iaugefallande er kanskje arbeidet med å gjera kyrkja betre tilgjengeleg for alle. Tilrettelegging av slike gamle kyrkjer for folk med redusert førligheit er nokså upløygd mark også i nasjonal samanheng. Det må vera rett å seia at det som er gjort i Time har vekt merksemd langt utover våre grenser.

Mange gleder seg også over andre ting. Dei gamle koparlampane på veggen er komne på plass att, og det flotte tregolvet i koret har kome fram etter i mange år å ha vore gøymt under teppe. Koret i kyrkja er også utvida, til glede for alle som skal ha ulike framføringar, og ikkje minst for dei som skal sjå det som skjer. Etter kvart vil også lys og lyd i kyrkja verta forbetra. Så vonar me at ho vil vera godt rusta til å ta imot nye generasjonar i 150 år til.

Bryne-kyrkja, har også jubilerer. Det er 30 år sidan kyrkja i Bryne-byen vart vigsla. Her er rehabiliteringsarbeidet under planleggjing. Første trinn vert installering av eit fantastisk glasmaleri som Per Odd Aarrestad nå er i ferd med å produsera i Kristiansand. Dette vert fyldig omtalt annan stad i bladet. Elles skal mellom anna både lys og varme i kyrkja fornyast og forbetrast.

Om snau eit par år vert truleg også kjellaretasjen i Bryne-kyrkja "frigitt" til bruk for kyrkjelyden. Barnehagen som i mange år har halde til her, vil då få nytt bygg og samstundes verta utvida. Saman med den nyinnflytta kyrkjelydsbarnehagen på Undheim, vil det då vera eit godt tilbod til dei som ynskjer eit barnehagetilbod med utvida formålsparagraf i Time kommune.

Om 2009 var eit spennande og hendelserikt år for kyrkja i Time, så ser det altså ikkje ut til at 2010 vil ha mindre å by på. Likevel, den største ressursen me har som kyrkje i Time, er dei dyktige og motiverte medarbeidarane våre, både tilsette og frivillige. Desse bruker si tid og si arbeidskraft på den viktige oppgåva dei kan tenkja seg; å vitna om Jesus for folk i Time.

GODT NYTT ÅR!

Olav Vegard Søyland

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid.

Layout og trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må vera oss i hende innan 26. februar.

Neste nr. kjem ut ca. 26. mars. Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen før fristen.

Sin Salme

Blott en dag, ett ögonblick i sänder,
vilken tröst vad än som kommer på!
Allt ju vilar i min Faders händer,
skulle jag, som barn, väl ängslas då?
Han som bär för mig en Faders hjärta,
giver ju åt varje nyfödd dag
dess beskärda del av fröjd och smärta,
möda, vila och behag.

Själv han är mig alla dagar nära,
för var särskild tid med särskild nåd.
Varje dags bekymmer vill han bära,
han som heter både Kraft och Råd.
Att sin dyra egendom bevara,
denna omsorg har han lagt på sig.
"Som din dag, så skall
din kraft ock vara,"
detta löfte gav han mig.

Hjälp mig då att vila tryggt och stilla
blott vid dina löften, Herre kär,
ej min tro och ej den tröst förspilla,
som i ordet mig förvarad är.
Hjälp mig, Herre, att vad
helst mig händer,
taga ur din trogna fadershand
blott en dag, ett ögonblick i sänder,
tills jag nått det goda land.

Lina Sandell 1865



Margrete Øgård Orre, dagleg leiar av Orre Libris på Bryne, har valt si salme.

"Blott en dag" er mi favorittsamle gjennom mange år, - - gode minne frå eg var liten heime på Øgård der farfar låg på benken og koste seg med ønskekonserter. Når denne salma kom over høgtalaren, blei det ei ekstra god og herleg stemning i stova. Farmor sat i stolen med spødet, og eg i gyngestolen og berre koste meg. Ennå, etter alle desse åra, kan eg kjenne på mine indre strenger noko spesielt når denne salma dukkar opp. Det kallast vel også å ha ei god ballast i livet.

Margrete Øgård Orre

Et sted for frihet og forandring

Et samarbeid mellom
Bethania-stiftelsen,
Diakonova og Normisjon

**TRENGER DU NOEN
Å SNAKKE MED?**

Samtaler kan avtales på
tlf.: 467 46 670 eller mail:

fermanterogaland@emmaus.no


Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes

www.fermanterogaland.no



Misjonsforeningen Morondava - 50år

9. mars 1960 - 9. mars 2010



Vår nye ungdomsforening
hadde sitt fyrste medlems-
møte, onsdag den 9. mars 1960. Til
trøst for eit vellyst ver, møtte to friske
og glade jenter frå hjå Anne Margrethe Aase
og vi fekk ei gild velvond samar

Fru Aase opna med
ordene: 29: Heren er min hyrde, mig laties inlet
Vi song ungdomssanger, og seinare koma vi over
med ein kopp kakao og velvont mat

Ein liten utlending hadde
vi og. I alt fekk vi inn mest 20kr fyrste
gangen. Astrid Kjøllesdal blei vald til kasserar
for foreninga.

Før vi skilders etter ei gild velvond bad
« Herrens ben », den som Jesus lærde mine læresveitar



Aslaug Aase sådde tanken
om å starta eit jentelag, og
ho var vertinne for det første
møtet.

Slik les me referatet frå første møtet i jentelaget. Av dei
ti jentene som var saman då er to framleis aktive, Evy
Lygren og Anne Karin Lending. Aslaug Aase var vert for
det aller første møtet. Ho hugsar dette godt. "Det var lite
å vera med på for denne aldersgruppa, og eg ville hjelpe
dei i gang og kokte kakao," seier ho. Dei første åra var
Martha Heskje med som vaksenleiar i ein 15-års periode
frå 1961. Men dei unge greidde ut med det meste sjølv.

To av medlemmene frå starten, Astrid og Herborg Kjøllesdal,
hadde trødd sine barnesko på Madagaskar. Derfor kalla
gruppa seg etterkvart Morondava, namnet på ein misjons-
stasjon på vestkysten av Solskinnsøya, grunnlagt i 1875.
Foreningen har alltid vore tilslutta Det Norske Misjonsselskap.

På direkte spørsmål til medlemmene i dag om kva dette
fellesskapet har betydd, vart det mange men nokså einty-
dige svar. – For dei som flytta til Bryne som heilt unge var



*Framme frå venstre: Anne Brit Holte, Liv Lye, Evy Lygren, Brit Frøyland - På armlena: Guri Bergsaker Stokkeland, Laila Røyseland
Bak: Anne Karine Lending, Torunn Mæland, Liv Ingunn Serigstad, Astrid Rosland, Oddveig Lima.
Britt Hetland og Gunvor Øie var ikkje til stades.*

det flott å verta inkluderte i eit fellesskap, der dei delte same interesser. Dermed fekk dei raskt eit nettverk på den nye plassen. For i tillegg til å vera misjonsforening med arbeid for eit felles mål, handarbeid, basarar osv., har det også vakse fram tette vennskap. Det som starta som eit jentelag er i dag "Kvinneforeningen Morondava", og som de ser av biletet er dagens medlemmer vel vaksne kvinner.

Frå alle femti åra er det ført gode referat med mykje interessant informasjon. Den sosiale delen med mat og kakao/kaffe har aldri vore forsømt, og Guds ord og misjonsinformasjon har alltid hatt stor plass på møta. Frå referata går det også fram at bøn har vore viktig, forbøn for misjonærar dei kjende og misjonsarbeidet generelt. Referata fortel også om unge jenter som har "vakse i visdom og alder". Både skriftbilete og ordlyd har endra seg med åra. Dei som starta var frå 13 – 17 år med sirleg handskrift og stor omsorg for mange detaljar: -- Kl.21.30 måtte nokre av oss gå, og dei andre gjekk ei stund etter.

I oktober 1983 var Elfrid Søyland i foreningen. Ho kasta fram tanken om at ei ny forening kunne gå ut frå Morondava, som

på den tida talde 20 medlemmer. Elna Barane og ElseMarie Hodne kunne tenkja seg å starta misjonsforening på Tu og slik blei det. Tu kvinneforening heiter den. Vidare har Misjon-gruppa Shalom på Bryne også sitt utspring frå Morondava..

Så går det 50 år, og me skriv 2010. Akkurat på 50-årsdagen for første møtet i "jentelaget", 9. mars, inviterer Morondava til jubiléumsfest i Bryne kyrkje. Der er alle hjarteleg velkomne til godt program!

emb



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

**Påminning:
Andre helga
i februar!**



**Konsert og kvelds-
gudsteneste
13. og 14. februar med
Kjell Elvis i Bryne kyrkje.**



- Konsert Bryne kyrkje laurdag
13.februar kl.19.30
(dørene opnar ein time
før konsertstart)
- Billettpris: 200kr/100kr
(u.18år/honnør)
- Overskot går til Ungkyrkja.

Laurdagen vert det konsert med Elvis
sin gospelmusikk gjennom ein unik
tolkar og formidlar: Kjell Elvis. Sondag
vil han bidra på kveldsgudstenesta.

Velkomen

MØTEKALENDER Fotland bedehus hausten 2009

Februar

Man.	1. Bønnemøte
Ons.	3. Årsmøte for Bedehuset
Fre.	5. Evangelisten
Lør.	6. Evangelisten
Søn.	7. Evangelisten
Man.	15. Bønnemøte
Tys.	23. Forening NMS

Mars

Man.	1. Bønnemøte
Fre.	5. Kvinnens verdens Bønnedag kl.14.30
Fre.	12. Basar for Bedehuset
Man.	15. Bønnemøte
Man.	29. Bønnemøte
Tys.	30. Forening NMS



Kvinnene sin internasjonale bønnedag fredag 5. mars

Kapellkjellaren, Undheim kl. 14.00
Fotland bedehus kl. 14.30
Saron, Bryne kl. 19.00

Morondava inviterer til jubiléumsfest i Bryne kyrkje 9. mars kl.19.00



Så går det 50 år, og me skriv 2010.
Jubiléumsfesten er akkurat på
50-årsdagen for første møtet i "jentelaget",
9. mars.



Salmekveld med Eyvind Skeie

i Bryne kyrkje
13. mars kl. 19.00



Foto: kirken.no

Jærklang inviterer til salmekveld
i Bryne kyrkje 13. mars. Prest og
forfattar Eyvind Skeie gjestar oss denne
dagen. Han skal ha ei veker turne
på Sørlandet og Vestlandet. Mange
kjenner Eyvind Skeie frå Portveien 2
og Sesam Stasjon i Barne-TV. Andre
kjenner kanskje meir til "Visst skal
våren komme" eller "Fest i Guds hus".
Han har skrive om lag 1500
salmar og songar.
Denne kvelden vil Skeie presentera
både kjende og ukjende salmar. For
eit par år sidan gav Skeie ut salme-
boka "316 salmer og sanger". Han vil



Kveldsgudstjenester i Bryne kyrkje

Store toner – Indre strenger er tittel på vårens serie med kveldsgudstjenester. Her ønsker gudstjenesteutvalget å ta opp noe av det som rører ved våre indre strenger i situasjoner der livet ikke helt går på skinner. Fokus i denne serien er på håpet.

Vi vet at vi gir oss i kast med et stort og vanskelig tema. Et tema som på ingen måte har noen lettvinde svar eller løsninger. Det skal vi heller ikke prøve på, eller lete etter. Det vi vil formidle er når våre indre strenger stemmes i et håp i all håpløsheten. Det at vi klamrer oss til det berømte halmstrået og ikke gir opp.

Det er tre kveldsgudstjenester i denne serien. Tre kvelder og tre nivåer om ulike livskriser og håp: De, oss og jeg. Beskrivelse av når livet snur. Når noe brått og uventet hender. Noe som er vondt og som vi ikke har tenkt, eller er forberedt på. Når livet svinger mellom bunnløs fortvilelse og gjentatte skuffelser, til forsiktige oppturer og små striper av lys: Håpet tennes.

Gudstjenestene starter kl 19:00 i Bryne kyrkje, og til hver kveld har vi en innleder til temaet. Vi kan også se frem til store musikalske opplevelser med gospel, jazz og afrikanskinspirerte sanger.

De – 14. februar Innleder Sigbjørn Reime og musikk Kjell Elvis.

Oss – 14. mars Innleder Berit Broman Foss og musikk Bryne Storband.

Jeg – 9. mai Innleder Inger Guddal og musikk Vivace.

fortelja litt om nokre av desse salmane, lesa og syngja. Songgruppa Shalom og Jærklang vil framføra salmar, og publikum får også vera med å syngja.

Interesserte kan kjøpa salmeboka hans og andre bøker/CD-ar ved utgangen.

Jærklang syng på adventsmessa "Fest i Guds hus" med tekst av Eyvind Skeie i Time kyrkje desember 2009





Kvinnene sin internasjonale bønnedag

Kvinnene sin internasjonale bønnedag har komitéar i meir enn 170 land og regionar. Starten fann stad i USA, Brooklyn, i 1887, og bakgrunnen var nauda blant immigrantar og etterkomarar av slavar. Kvinner frå ulike kyrkjesamfunn samla seg i felles bønn for desse.

Etterkvart vart dette kjent utanom Amerika, via misjonærar, og i 1920-åra vart Kvinnene sin internasjonale bønnedag eit faktum. Seinare vart første fredag i mars vedteken som den faste dagen for denne bønnesamlinga. Kvinner frå Irland, sør og nord, ga så seint som i 1982 bønnedagen merket som me kjenner i dag. Det er vakkert og talande.

Sjå på det! - - symbolet på fire personar som ber. Dei fire verdshjørna dannar korset, og alt er bunde saman av sirkelen, Guds kjærleik. Det kan



me minna kvarandre om når me samlast omkring i Time til bønn fredag 5.mars.

GUDSTENESTE

Kyrkjelydsarbeidet på Rosseland



Kyrkjelydsarbeidet på Rosseland

Bryne Kyrkjelyd ønskjer å vera "Den opne famns kyrkje". Rosselandsarbeidet er til for alle på Bryne som vil vera ein del av eit lokalt kyrkjelyds-fellesskap. Tilboda vert særskild lagt til rette for familiar med born i heimen.

Gudstenester

Gudstenestene vert vanlegvis feira i kantina på Time VGS ein søndag i månaden. Dette semesteret vil gudstenestene bli feira ulike stader på Bryne, men forma skal alltid vera barnevennleg og gjenkjenneleg. Hjarteleg velkomen!



BRYNE KYRKJE

Postboks 373
4349 BRYNE
www.time-kyrkja.no
Tlf: 51770377

Våren 2010

Alle startar 11.00

**10.januar Gudst. Bryne Kyrkje
Nattverd
Sundagsskule**

**14.februar Fam.gudst. Time VGS
v Kjell Børge Tjemsland
Minisang**

**14.mars Gudst. Time VGS
Sundagsskule**

**11.april Gudsteneste på Horve
(Menighetsweekend på Horve 9.-
11.april)**

9.mai Friluftsgudst. i Sandtangen



KOM OG BLI MED!

Dette året kjem programmet frå Kamerun, Vest-Afrika, og temaet er : Alt som har ande, skal lova Herren. Frå Kamerun får me denne helsinga:"

Me ber for søstre og brødre frå alle fire verdshjørna når me prisar Gud med alt me er."

emb



FRETEX

Vi gir folk grunn til å tro på framtiden

Kjære kyrkjemedlem på Bryne

Di kyrkje si gåve til deg – di medlemsgåve til kyrkja di!

Jærbuen er kjent for å gå føre, visa veg og forma sjølv korleis han vil ha det. Dette er glitrande mentalitet som gjev vekst og utvikling!

Slik håpar me det skal vera også når banda mellom kyrkje og stat vert løyste opp om få år, slik Stortinget har vedteke. Då er målet at bandet mellom **kyrkje og folk** skal styrkjest. På Jæren må det innebera felles identitet og felles dugnad, slik at medlemmer flest kjenner eigarskap, er stolte av kyrkja si, og får bidra med utvikling og gode tiltak.

Slik utvikling og eigarskap krev også romslegare økonomi i lokalkyrkja enn det som kommune og stat vil yta til dei lovpålagde oppgåvene. Dette har Bryne sokneråd sett som viktig lenge, og har difor bygd opp eit arbeid som er tufta på julemesse, gåver og fast gjevarteneste.

Nå lanserar me eit nytt nivå for kyrkjemedlemmer flest:

Di medlemsgåve til kyrkja di!

Dette er sjølvsagt heilt frivillig, men med håp om at dei aller fleste vert med på felles løft for ei god sak. Så mykje meir er mogleg når me løftar i flokk! Gode tiltak vert ofte til gjennom dugnadsånd. Konkret tenkjer me å gje ei utfordring ein gong i året på denne måten gjennom Helgedagen. Neste år har me altså forplikting på oss til å fortelja korleis midla er brukte og dette har gått!

På dei neste sidene kan du lesa om den konkrete gåva frå kyrkja di til deg: Glaskunstprosjektet i Bryne kyrkje og arbeid for barn og unge i Bryne kyrkje. Me er ca 5270 vaksne medlemmer i Bryne kyrkjesokn. Bidreg me etter evne og lyst med alt frå ein hundre- til ein tusenkroning, kan mykje skje! Erfaringsvis er det rask handling som tel, så kvifor ikkje leggja inn aktuell sum i giro eller nettbank dei første dagane. Alternativt kan desse midtsidene rivast ut og liggja synleg mens saka modnast.

Vert du med? Det gode som skjer, gjer og gjev me saman! Alle skal få vera med og eiga dette! Når du ser lys, fargar og motiv fylla kyrkja sitt vindu mot byen, så veit du:

Dette er vårt, eg var med og gav!

Medlemsgåve til Bryne kyrkje

80% til glaskunstprosjektet, 20% til barne- og ungdomsarbeid

Gåva kan setjast inn på konto nr. 3325 37 41061

Dersom du ynskjer skattefrådrag for gåva må du gje desse opplysningane:

Namn:


Adresse:

Person-nummer:


Send dette til Bryne Sokneråd, Postboks 373, 4349 Bryne eller til bryne.sokneraad@time-kyrkja.no

Skattefordel:

Gåver mellom minimum kr 500 og maksimum kr 12000 til Den norske kyrkja gir rett til 28% skattefrådrag.



**Mange hender –
men nokon må dra det**



Kyrkekunst: Slik skal fondveggen gje ny dimensjon til kyrkerommet

For ei glede! Eit av dei største glaskunstprosjekta i ei norsk kyrkje er på gang. Planane er godkjende og presenterte i aviser og på bykonferanse. Byen og kyrkja på Bryne får eit unikt kunstverk, til glede for alle. Det er mest som ein må gni seg i augene over godord så langt, og over tempoet frå draum til realisering. For:

Slik skal det bli i kyrkja sin altarvegg og vindu mot byen ...

- Glasveggen bak altaret mot sør får montert inn glasmåleri i ei flate på 80 kvm.
- Motlys og direkte sollys rett i augene i tider på året og døgnet, vert dempa og sila gjennom ulike typar farga glas med mykje blått.
- Kunstverket over altaret vert integrert i ein heil fasade (fondvegg) som set på sporet av det kristne mysteriet og gjev tolking og tankar til det som føregår i kyrkja. Hovudmotivet vert den treeinige Gud sitt lys inn i tida og livet.
- Kyrkerommet får ein rikare symbolikk og vert ein stad der tru og tanke får kvila.
- Dåpsfylgje og brudepar får større høgtid over dagen og foto som motlyset ikkje stel.
- Kyrkja kan i større grad bli eit stille rom og ein plass du tek med venner: "Kom og sjå kva me har i Bryne!"

... og slik skal det bli i byen sitt blick mot kyrkja

- Når kyrkja er i bruk og lyset innanfrå er sterkare enn ute, vil glaskunsten lysa ut til byen.
- Den 75 kvm store kyrkjetårnfasaden skal skiftast ut med glaskunst som både høyrer saman med fondveggen og har frittstående symbolikk.
- Trappegangen i tårnet er integrert i kunsten, slik at ei av "tolkningane" kan vera å søkja høgare mål gjennom samarbeid og samhandling på tvers, med lys ovanfrå å gå etter og få varme frå.
- Den indre trappeveggen vert kvitmåla og får belysning som reflekterer glaskunsten ut i byen, best når det mørknar ute.
- I kulturområdet frå mølla og Fritz Røed-skulpturpark vil dette verta eit vakkert blickfang i byen.

Kunstnaren

Per Odd Aarrestad er "vår eigen" kunstnar, fødd i Time. Han bur og arbeidar i Sandnes og står bak det nåverande kunstverket i Bryne kyrkje. Per Odd er av dei mest brukte og anerkjente utsmykkarane til norske kyrkjer. Glaskunsten i Bryne kyrkje blir hans klart største glasmåleri – i samarbeid med firmaet Integrert Kunst AS i Kristiansand og montør Egil Idsø.



Bykunst: Slik skal tårn og kyrkjevindu pryda byen sin.

Foto: Olav Garborg - Montasje: Netprint

Kyrkjerehabilitering og byutvikling

Glaskunsten går inn i eit arbeid med rehabilitering av den 30 år gamle Brynekyrkja. Time kommune har bevilga midler og kyrkjeleg fellesråd arbeidar med planar for dette. Målet er mellom anna å løysa motlysproblemet og leggja tilrette for glaskunstprosjektet. I første omgang er planen å erstatta dei dominerande tverrbjelkane midt i kyrkerommet med tynne stålstag og utarbeida ny belyningsplan.

Framdrift

- Trinn 1 (Fondveggen i kyrkja) er godkjent av biskopen.
- Arbeidet med glaskunsten er i gang, fleire av dei 1 x 2,80 meter store glasflatene er produserte.
- Målet er å få på plass nye strekkstag, ny belysning og skifta glasveggen i sør (av ENØK- og fargehensyn) slik at glaskunsten kan monterast etappevis. Kyrkja kan bli midlertidig stengt i mai/juni 2010 til dette.
- Når finansieringa er på plass, vert trinn 2 (tårnveggen) sett i verk, med mål om realisering i 2011.

Budsjett og finansiering:

Ein eigen glaskunstkomite arbeidar med finansiering etter fylgjande plan:

Sponsormiddel:	1.250.000	
Gje ei vindusrute og få eit trykk av Per Odd Aarrestad:	1.000.000	(50 x 20.000)
Salg av trykk av Per Odd Aarrestad	250.000	(50 stk à 5.000)
Medlemsgåve (og andre gåver)	400.000	

Dette blir eit løft for kyrkja og byen!

I "Den opne famns kyrkje" vil du skimta byen, æva og livet gjennom lyset ovanfrå.

I byen vil du skimta lyset og varmen som klokketårn og kyrkje inviterer til. Eller bare gle deg over det vakre!

Barn og Unge i Kyrkjja



Jungelgjengen
Sundagsskule i
kyrkjekjellaren
under gudstenesta.



Mange hender – men nokon må dra det

I tillegg til mange frivillige, er barne og ungdomsarbeidet avhengig av lønna medarbeidarar som koordinerar og leiar arbeidet. Bryne kyrkje har 3 medarbeidarar som delvis vert løna av gjevarsteneste.



9-13
Aktivitetsgrupper for
born frå 9-13 år.



Størst av alt
Trusopplæringa i kyrkja.
Avgrensa fasetiltak for 2 og
4 åringer, 1.-3. og
5.klassinger.



Ungkyrkja
Ungdomsarbeidet i Bryne
kyrkje. Ungdoms-
gudstenester, aktivitets-
grupper, weekender m.m.



MILK
Leiarertrainingskurs for
fjorårskonfirmanter.



Speideren

Speider for
gutar og
jenter frå
3.klasse.



Horve

9.-11.april

Kyrkjelydsweekend for heile familien



Påmelding

kontakt

Leif Oscar Reiestad

Tlf.: 99127403

e-post: lor@time-kyrkja.no

PS! Vær rask .

Horve Ungdomssenter har ca 90 sengeplasser. 45 personer er allerede påmeldt .

Pris

990 for voksne

790 kr for ungdom (12 – 15 år)

490 kr for barn (4-11 år)

Familiepris: 2900kr

Prisen inkluderer:

To overnattinger i rom med bad,
alle måltid, utvask m.m.

program

FREDAG

18.30 Kveldsmat

20.00 Leik/underholdning

22.00 Kveldsamling

LAURDAG

08.30 Frokost

10.00 Felles morgonsamling

10.15 Bibeltime og barnesamling

11.30 Sporleik

12.30 Grilling

13.30 Uteaktiviteter. (Fotball/kano/trampoline m.m.)

16.00 Middag

19.00 Kveldsmat

20.00 Underholdning

22.00 Kveldssamling

SUNDAG

08.30 Frokost

10.00 Familiegudsteneste

11.00 Inne- og uteaktiviteter (spill, tur, kano, fotball o.l.)

13.00 Middag

14.00 Avreise

VÅREN 2010

Kveldsundervisning



mhs
misjonshøgskolen

Misjonsmarka 12

4024 Stavanger

E-post: post@mhs.no

Telefon 51 51 62 10

- **Examen philosophicum**
(10 stp) første gang 13/1-10
- **Apokryfe og gnostiske skrifter**
(10 stp) første gang 9/2-10
- **Interkulturell kompetanse**
(10 stp) første gang 2/3-10
- **Menneskerettigheter og religion**
(10 stp) første gang 8/3-10
- **Gudsbildet i GT**
(10 stp) første gang 21/4-10

MER INFORMASJON PÅ: www.mhs.no/kveldskurs

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,
kto.nr. 3325.25.07057.

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time
kto.nr. 3325.21.30859.

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste
ungdomsarbeidar, Undheim
kto.nr. 3325.21.55657.

Undheim kapell - gåver
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad
kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye
kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside
<http://www.time-kyrkja.no>



Bo varmt og sunt i et **MESTERHUS**
fra **Serigstad Bygg**

ais Eiendom as



Bryne Rør AS

Skulegata 9 • 4340 Bryne



Håland, 4340 Bryne tlf. 4000 7889



I. Bjørnsen A/S
Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20



Hus for norske forhold



Jernbanegaten 9, 4340 Bryne
tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no



EL-TEAM
Elektroentreprenør



Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net



Optiker Rolf Aarsheim
Meierigata 9, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 19 54

Jærsol as

Innvendige persiener
Utvendige persiener
Lamellgardin
Rullegardin
Plisségardin
Screenduk
Markiser
Terrassemarkiser
Gratis måltaking!

Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935
E-post: per.hareland@lyse.net



Coop Prix Lye • 51 48 81 74

EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS



Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11.
DØGNSERVICE 971 78 180



HYPERMARKED
Tlf. 51 77 86 00

SpareBank 1
SR-BANK



Alt i bøker, musikk, rekvisita,
kort og hobby i Storgata

WACO

Forsikringsmegling as

TIME SPAREBANK
-for Jæren



Håland Industriområde 4340 Bryne
Tlf.: 51 77 84 40 • jaren@bohus.no
Åpningstider
Hverdager: 10-19 Lørdag: 10-15

Selge
bolig på
Jæren?
Ring tlf.
51 77 80 00
www.terra.no
TERRA
EIENDOMSMEGLING

NMS Gjenbruk Bryne

Hognestadvegen 3



Opningstider:

mandag/fredag kl. 10 - 17
lørdag kl. 10 - 14

*Vi har møbler og mykje anna,
kom innom og sjå!*

Tlf. 951 06 028



frisørsenteret

alltid ute etter fremragende folk

51 48 01 62

Johansen Elektriske as
Postboks 510 - 4349 Bryne
Tlf: 51 48 01 01

MURMESTER HESKJE AS
Hålandsveien 24, P.b. 270
4340 BRYNE
Tlf 51 77 19 80
Fax 51 77 19 81

Koinonia
KOINONIA BOK OG MUSIKK

Motehuset Bryne Torg
Storgata 10-12 - 4340 BRYNE
Tlf. 51486520

NEUMANN BYGG AS

Håland Vest, 4340 BRYNE
Telefon: 51 77 95 50

BYGGMESTER HERSDAL AS
Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering
Mobil 908 55 625

Håland Kjøtt

KVALITET OG KUNNSKAP

Kleppe Tlf: 51 78 69 50

Bryne Tlf: 51 48 16 33

Sandnes Tlf: 51 67 30 50

KROGEDAL
begravelsesbyrå

DØGNVAKT
51972900

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å. Skretting
Brikt Coa og Oddbjørn Folde
Kontor: Bryne og Sandnes

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER

Ny hjemmeside:
www.krogedal.no

Bryne Begravelsesbyrå
Tlf.: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra
til en verdig gravferd

www.brynebyrå.no
Reeveien 34, 4340 Bryne
Døgnvakt



www.pizzabakeren.no

51 20 77 00

Lauritz Aarsland

Tannlege

Tlf. 51 48 28 93

**Vil du gi en gave
til Normisjon?**



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis
du vil den skal gå til noe
spesielt.

www.normisjon.no



BLI FADDER!

www.misjonsalliansen.no

☎ 22 94 26 00

misjonsalliansen



Vi har alt innen trykksaker

952 99 844

JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN

trykkeri@jprint.no

VARDHEIVEGEN 60, BRYNE



Gjenbruksbutikken på Bryne

NMS Gjenbruk Bryne har nå vore i drift om lag tre måneder. Første desember utvida vi med møbel-avdeling, slik at vi nå disponerer heile første etasje i huset der Arvid Øglænd i gamle dagar dreiv skobutikk, i Hognestadvegen 3. Styret for gjenbruksbutikken ser gjerne fleire melder til arbeidet i butikken.

Handelen går godt. Mange kundar stikk innom både for å sjå, kjøpa og levera varer. Nokre set seg ned i kaffikroken for varm drikke og godt drøs.

Vi tek med takk i mot nye varer. Levering av møbler må vera avtalt, telefon 951 06 028.

Overskotet av drifta går til Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid.

Guri Risa





Gjenbruksbutikken har også ei lita avdeling for bøker. I utgangspunktet tenkte vi å avgrensa oss til barnebøker og bøker med lokalt tilsnitt. Men det synt seg snart at vi måtte tenkja breiare. Vi tek nå mot alle typar bøker, men vil helst ikkje ha store leksikon. Desse tek for stor plass, og etterspurnaden er svært liten.

Det har synt seg at gamle bøker, gjerne før ca. 1950 er etterspurde. Det same gjeld bøker med lokalt tilsnitt, t.d. bygdebøker, og illustrerte bar-

nebøker har det forresten vore vanskeleg å få tak i. For alle bøker gjeld at det er viktig at dei er i god stand. Interessa for brukte bøker har vore god. Det som set grensene for kor mykje vi får selt, ser ut til å vera tilgangen på det vi får inn!

Så dersom du har bøker du gjerne kan unnvera, set vi pris på å få dei inn i butikken.

Ivar Lygren





KIRKENS NØDHJELP-
AKSJONEN // 2010

Fasteaksjonen 2010

Fattige i møte med ekstremvær

Tysdag 23. mars går konfirmantar, konfirmantforeldre og andre frivillige frå kyrkjelydane i Time med bøsse. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2010 set søkjelyset på fattige menneske i møte med flaum, tørke og ekstremvær.

haustnatt i 2007 vart familien Tran i Vietnam vekt av at vatnet steig og steig inne i huset deira. Mamma Tran Thi Thu Thuy, pappa Tran Viet Dung og dei fem barna deira måtte flykte frå heimen sin i hui og hast. Faren i familien tenkte berre på éin ting: å redde barna sine. Han førte familien sin til ein trygg stad, ut av huset og til eit område som ligg høgare. Familien Tran overlevde, men heimen deira vart øydelagd og dei mista mange av eigedelane sine. I to månader, medan dei venta på at vatnet skulle søkke igjen, måtte dei bu i eit skur av plast og bambus. Mat, reint vatn og helsa til barna vart noko dei måtte uroe seg for i det daglege.

– Det var ei vanskeleg tid for oss, fortel Thuy. – Barna var små, og eg var svært uroleg. Vi hadde ikkje mat, og eg måtte låne ris av naboen. I to månader åt vi ikkje anna enn ris med krydder, seier fembarnsmora.

I slutten av september 2009 herja tyfonen Ketsana delar av Sørøst-Asia og sette store område under vatn. Mange måtte enda ein gong flykte frå heimane sine. Med stønad frå Kirkens Nødhjelp hadde familien Tran bygd eit



nytt, flaumsikkert hus etter storflaumen i 2007 og stod dermed sterkare rusta da vatnet trengde innover landet. Familien kunne bli buande i heimen sin og skadane etter flaumen var minimale.

Medan vi i den rike delen av verda kan førebyggje og forsikre oss mot naturkatastrofane, står menneske i fattige land i fare for å miste alt når katastrofen råkar. Derfor går pengar frå fasteaksjonen i år mellom anna til å gjere fattige og sårbare betre rusta til å møte eit meir ekstremt vær, som for eksempel flaum og tørke. I flaumutsette område i Vietnam inneber det mellom anna at familiar kan få støtte til å byggje flaumsikre hus. I Kenya, som ofte blir råka av tørke, støttar Kirkens Nødhjelp mellom anna prosjekt der regnvatn blir samla og lagra til tørre periodar.

Ta godt imot bøsseberarane frå kyrkjelydane i Time når dei bankar på døra di!

Du kan også støtte aksjonen gjennom givartelefon: 820 44 088 (200 kroner) eller via kontonummer 1594 22 87493.



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

06.12.09: Ådne Stangeland Lygren, Victoria Larsen Aanestad, Kristoffer Orre Kverneland, Emil Flesjø, Anine Herredsvella, Linne Haugstad

20.12.09: Jesper Knudsen, Emilia Folkvord Steinsland

03.01.10: Bendik Erga, Kristoffer Emberland, Arve Jensen Bergene, August Stakkestad

TIME KYRKJE

21.11.09: Andreas Bjørnsen, Linea Høyland, Torjus Bruntveit, Mathias Soma Ueland, Ådne Stokka Andersen, Elida Horvei, Herman Brenden, Anne Tveit, Anette Aldeholm, Malin Lode Dias, Hanna Høyland Krohn

29.11.09: Airissa Sørensen, Mina Theresia Time, Ingmar Egeland, Benedikte Bø Auestad

25.12.09: Martha Lende, Bea Gjengedal Gåsland

27.12.09: Gunnhild Horve Åsen, Henrik Hansen Sjølyst, Theo Grønstad Olsen, Anne Helene Njå

LYE FORSAMLINGSBUS

06.12.09: Sondre Vassbø

UNDHEIM KAPELL

22.11.09: Mille Benedicte Egeland

06.12.09: Max Martin Mossige, Oda Sikeland

10.01.10: Lerke Tjåland



VIGDE

21.11.09: Monica Iren Kleppe og Ove Idland, Anikken Pettersen og Leif Kristian Holtet

28.11.09: Karen Hognestad og Tommy André Liland

02.01.10: Ragnhild Thu og Per Ivar Austnaberg



Blomster

Blomster besværer ikke
som ubluferdige ord.
De bare står og dufter
og lyser over ditt bord.
Enda kan deres farver
Betro dig mer enn du tror.

Ofte spør de om noget.
Kanhende de gir et svar.
Som varmen av gode hender
kommer de alltid fra venner.
De bærer forår med sig
I sorteste januar.

Engang har duften av blomster
døvet en sorg jeg bar.

Arnulf Øverland /
publisert 1948
i Forfatterens Julehelg



DØDE

Dordi Eritslund, Aslaug Laihinen, Bergoll Pedersen, Julius Birk Ree, Sverre Håland, Per Olav Sivertsen, Tor Kristian Sirevåg, Ellen Olena Lye Garpestad, Torleif Johansen, Torleiv Bjorheim, Helene Høyland, Oddvar Særheim, Ioannis Rinios

JÆREN MISJONS RADIO

Nærradioen med godt nytt

Tryggheimsveien 13, 4365 Nærbø, Tlf: 51 43 32 22

Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider
Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima
51 48 21 33

Jonas Frøyland
41 30 04 68

Gabriel Tengsareid
51 48 28 98

før kl. 10.00.

TIME KYRKJE:

Frode G. Fotland
51 48 71 11
90 74 84 03

Dorteia Haugland
51 48 70 04

før kl. 09.30.

Sundag 7. februar

Bryne kyrkje

Kr. forkl. dag

kl. 11.00

Lye forsamlingshus

kl. 10.30

Undheim kapell

kl. 10.30

Sundag 14. februar

Bryne kyrkje

s. før faste

kl. 19.00

Time kyrkje

kl. 11.00

Time vgs.

kl. 11.00

Sundag 21. februar

Bryne kyrkje

1. s. i faste

kl. 11.00

Lye forsamlingshus

kl. 10.30

Undheim kapell

kl. 10.30

Sundag 28. februar

Bryne kyrkje

2. s. i faste

kl. 19.00

Time kyrkje

kl. 11.00

Sundag 7. mars

Bryne kyrkje

3. s. i faste

kl. 11.00

kl. 18.00

Lye forsamlingshus

kl. 10.30

Undheim kapell

kl. 10.30

Sundag 14. mars

Bryne kyrkje

4. s. i faste

kl. 19.00

Time kyrkje

kl. 11.00

Time vgs. Rosseland

kl. 11.00

Sundag 21. mars

Bryne kyrkje

Maria Budskapsdag

kl. 11.00

Lye forsamlingshus

kl. 10.30

Sundag 28. mars

Bryne kyrkje

Palmesundag

kl. 11.00

Lye forsamlingshus

kl. 10.30

Time kyrkje

kl. 11.00

Undheim kapell

kl. 10.30

2. Pet 1, 16 – 18

Gudsteneste. Dåp. Konfirmantane deltek.

Jungelgjeng

Gudsteneste

Gudsteneste

Kveldsgudsteneste. Nattverd

Gudsteneste. Dåp

Gudsteneste

Job 2, 1 – 10

Familiegudsteneste. Dåp

Gudsteneste

Gudsteneste

Luk 7, 36 – 50

Gudsteneste. Nattverd

Gudsteneste. Nattverd

2. Kor 12, 7 – 10

Gudsteneste. Dåp.

Jungelgjeng.

Sundagstreff

Kort gudst. kl. 19.00

Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming

Familiegudsteneste

Nattverd

Gudsteneste. Dåp

1. Kor 10, 1-6

Kveldsgudsteneste. Nattverd

Konfirmantane deltek

Gudsteneste. Dåp

Løvegjeng

Gudsteneste. Konfirmantane deltek

Luk. 1, 46 – 55

Familiegudsteneste. Dåp

Dåpsskolen deltek

Gudsteneste. Dåp

Hebr. 2, 14 – 18

Gudsteneste. Nattverd

Jungelgjeng

Gudsteneste. Nattverd

Familiegudsteneste. Dåp

Familiegudsteneste. Dåp